

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. II

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag: Davik- Endal

Oppskr. av: H.Aardalsbakke

Gard: Endal, Askeland- Davik

(adresse): Davik

G.nr. 15-25 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
og etter Kristen Askeland, 80 år- gædbrukar.

SVAR

- A I. Nei ein sanker ikkje røter, og ikkje er det tradisjon om det heller.
2. Om våren når ein pløjer grev ein opp ugrasrøter t.d. trøskerot og gjev kyrne utan å koke dei.
3. Ja trauskerot, men det er no vorte mindre av det i det siste.
4. Borne eller kørde etter som det høver.
5. ~~Trauskerot var i bruk for~~ Dei vart oppbrukte etter kvart.
6. Ja trauskerot.
- B. Blom.
- I. Blom slær ein saman med graset og tørkar i hes som anna høy. Einstape brukar ein berre til underbreidsle. Her er ingen som veit av at dei har brukt blomrot (bregnerot) til for.
- 2-3-4- fell bort
5. Bjønnekam brukar ein ikkje.
- II Tang og tare.
- I. Nei ikkje årvist. Det er nødsfor
2. Det er helst om våren når ein er i forknipe
3. S Skjer den med sigd
4. Den vert boren heim i kiper eller kørde etter som det høver
5. Til vanleg vert den kokt. Kokar den helst saman med anna avfall og vert gjeven til kyr.
6. Vert knapt sett på som noko godt for. Var før brukt mykje til grisemat
- B. Tare.
Nei tare har ikkje vore i bruk. Den står til vanleg for djupt
- III. Rognebær har vore og er endå mykje brukt.
- Iv. Hestemøkk har ikkje vore i bruk som nokon kjenner til.

V

Sørpefor.

1. Enkelte kokar endå sørpe. Kokar den i eldhus eller i skorsteineh i kjellaren. Brukar bötter av tre helst. Før brukte ein stampar. Det kunne vera avskorne tynner o.l. Slo ofte berre kokande vatn på.
 2. Hakka halm, lettekorn, høfve, agne o.l. Helst har ein litt mjøl på, hevve eller anna formjøl.
 3. Brukar å gje kyrne det medan den er litt varm. Til hestar brukar ein ofte om våren å hakke halm, bløyte den i varmt vatn og strø mjøl på.
 4. Rognebær brukar ein mykje. Sume tider får kyrne bæra som dei er utan å bløyte dei, Men ofte blander dei bæra i sørpa. Raunebærlog gjev dei til kyrne.. Trur ikkje raunebær vert nytta til grisemat noko sers
 5. Nei drank har ein ikkje på desse kantar.
 6. Nei.
 7. Kyanne er her ikkje her. Men ein slær kokande vatn på høfve, tørka potetgras o.l.
- VI.
- Fiskeavfall.
- I
- Ikkje noko som er reknande no.
2. Haud og ryggar av fisk tørkar ein. Når det er tørt, banker ein det med økshamaren e.l. og så gjev ein kyrne litt av det om sumaren når dei er på beite når dei kjem heim om kvelden. Det er helst for at dei skal koma
 3. Av og til kan det nok hende, men ikkje vanleg
 4. Får både krafta og avfallet.
 5. Det er helst til grisemat.
 6. Kokar aldri i fjøs her. Det er i eldhuset eller kjeller.
 7. Nei ikkje hovedmassen her. Det er berre som attåtfor når det høver slik.

2141

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING